



SØKT									
------	--	--	--	--	--	--	--	--	--

### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i formannskapet

Det kom inn 28 søknadar til søknadsfristen 1 mars 2016. 1 av desse har i etterkant vert trekt frå søkar sjølv og 2 søknadar kom inn etter fristen. Det er då totalt 25 søknadar som er handsama etter gjeldande retningslinjer.

11 av desse søknadane har vert handsama ved administrativt reglement kor rådmannen kan godkjenna næringsstøtte på inntil 50.000kr pr prosjekt. Det er delt ut 457.500kr frå administrasjonen til desse prosjekta.

Det gjenstår altså då 14 søknada som skal avgjerast politisk i formannskapet 26.5. Det ligg inne ei tilråding frå administrasjonen til økonomisk støtte fordelt på kvart prosjekt. Grunngevinga for støtte for det einskilde prosjektet er med i denne saksutgreiinga.

Totalt har det frå alle 25 prosjekt vert søkt om 5.027.292 kr.

Om tilrådinga i saka vert fylt av formannskapet, vert det delt ut totalt 3.569.500kr ved handsaminga til fristen 1 mars. Det er og ein søknadsfrist 1 oktober 2016, og det er anbefalt frå administrasjonen å ha nokre rammer igjen til denne fristen. Det kan vera interessante prosjekt som ikkje har vore kjend med næringsfondstøtteordninga og/eller som ikkje har hatt tid til å prioritere ein søknad våren 2016. Om formannskapet ønskjer å gjera endringar i strategien for bruk av midlane og bruka opp alle midlane no, er det heilt opp til dei. Det kan og vera andre grunnar til at det er nyttig å ha rammer igjen på næringsfondet i oktobe 2016.

Det har vert nytta eit standard elektronisk søknadsskjema til denne søknadsrunden på næringsfondet frå Kommuneforlaget. Dei aller fleste har nytta denne løysinga, men det er enkelte som har levert frå seg søknad i eige word-dokument. Dette skjedde før den elektroniske løysinga var på plass. Løysinga har fungert tilfredsstillande, men spørsmålstillingar og utfyllingsinformasjon kan sikkert spissast og tilpassast noko i forkant av neste søknadsfrist i oktober 2016. Dei fleste prosjekta har og lagt ved fleire vedlegg enn berre søknaden, men dette er ikkje lagt ved som vedlegg i denne saka.

Søknadsfristane og ordninga med næringsfondet har vore kommunisert redaksjonelt ut i lokalavisane (ved fleire høve), samstundes har me og kjøpt annonseplass. Vidare har me marknadsført ordninga digitalt og elektronisk. Ordninga har og vore snakka om på ulike og fleire møteplassar og det er mange aktørar som har reagert positivt på ordninga i Lindås kommune.

Søknadane har vore vurdert etter dei spesielle prioriteringane, som er: *industriutvikling, kompetanseheving, marknadsføring/profilering og samarbeidstiltak*. Her har ein definert industriutvikling noko breitt til å gjelda generelt utviklingsarbeid, utover tradisjonell industriaktivitet. Vidare har det vore skjønsmessig vurdert kva prosjektet har av *gjennomføringsevne, sysselsettingsbidrag-/effekt, marknadshensyn og konkurranseomsyn*. Til slutt har søknadane vore sjekka opp mot kapitalgrensene i fondet, dvs. *bedriftsutvikling, etablering og marknadsføring*; inntil 200.000kr, *investeringar*; inntil 250.000kr, og *kommunalt prioriterte prosjekt*; inntil 1.000.000kr.

Felles for alle prosjekt er at dei og er vurdert opp mot gjeldande strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim. Spesielt gjeld dette følgjande strategiar:

1. Ny industrireiseing på Mongstad (nyskaping, entreprenørskap)
2. Ein synleg og tydeleg region (profilering, omdømme)
3. Ein attraktiv bu- og opplevingsregion (reiseliv, turisme, oppleving, landbruk, kultur)
4. Aktivt, positivt vertskap (kompetanseutvikling, entreprenørskap)

Vidare har og arbeidsplassar og næringsaktivitet (uavhengig av bransje) i regionsenteret Knarvik stått sentralt. Det er ein overordna visjon at næringsfondet skal forsøka å tilstreba variasjon i tildelingane som vert gjort, dette gjeld altså økonomisk støtte til ulike prosjekt i ulike bransjar, og helst til støtte til «mange» prosjekt kontra få og særleg prioriterte prosjekt. Til grunn for denne tilnærminga ligg at det offentlege ikkje kan peika på prosjekt som lukkast eller mislukkast, på kva verksemder som vil vinna og kven som vil tapa, og på kva bransjar som er framtida. Alle utviklingsprosjekt som kan vera med på å skapa arbeidsplassar - store og små - utgjer viktige arbeidsplassar for kommunen som ein heilheit.

Næringsfondet har pr 12.05.16 kroner 5.265.953,41 til disposisjon.

Kva ligg til grunn for støtta?

- Tilskot må tilbakebetalast viss det ikkje vert gjennomført etter planen – ref retningslinjene.
- I retningslinjene til fondet står det at 50% av tilsagnet kan utbetalast ved oppstart og at resten vert utbetalt når investeringar er i samsvar med søknaden.
- Får verksemda mediaomtale ønskjer Lindås kommune at det vert opplyst at Lindås kommune har vore med på å støtta prosjektet.
- Det skal leggjast fram rekneskap etter at prosjektet er gjennomført – ref retningslinjene.
- For å betala tilskotet ut på forskot, ber me om å få tilsendt eit kontonummer, dvs. send ein e-post til oystein.sorhaug@lindas.kommune.no og med e-post overskrift «utbetalingsanmodning for [prosjektittel] og [verksemd]».

Sjå elles dei til ein kvar tid gjeldande retningslinjene til næringsfondet på heimesida til kommunen.

### **Planrommet**

Planrommet skal utvikle eit IT-verktøy som skal nyttast til pedagogisk innhald i kommunale og/eller private barnehagar.

Gründeren har sjølv bakgrunn frå barnehage og det vil vere ein konkurransefordel og ein styrkje for gjennomføringa.

Marknaden for IT-programvare i barnehagesektor er stor og har plass til fleire aktørar. Det er alt fleire selskap i bransjen som omset for mange millionar kroner. Det er mogleg at denne virksomheita i Lindås kommune kan skapa fleire arbeidsplassar, og det er sannsynleg å anta at det finst marknad for tiltaket. Gründeren har hatt nær kontakt med marknaden lokalt og regionalt, for å få ein avsjekk på om det er marknadsmessig behov for produktet han ser for seg. Tilbakemeldingane er positive.

Planrommet har tidligere fått stønad frå Business Region Bergen til eit anna utviklingsprosjekt i si verksemd.

Planrommet søker no om programvareutvikling og utvikling av faginnhald. Prosjektet sine totale kostnader er 375.000kr og verksemda søker om 155.000kr.

Næringsfondet kan bidra med støtte på inntil 50% av prosjektet sine totale kostnader.

Prosjektet må sannsynleggjerast som eit spennande tiltak som kan skapa viktige arbeidsplassar innan pedagogikk, sal/marknadsføring, administrasjon, IT og kontor. Marknaden er og veksande, og med plass til fleire nasjonale aktørar.

Lindås kommune ønskjer å bidra med inntil 120.000kr til prosjektet (32% av totale kostnader).

### **Goman Rognaldsen**

Goman Rognaldsen på Lindås har hatt ei formidabel utvikling dei seinaste åra. I 2015 fekk dei ein landsdekkande avtale på leveranse av marsipankaker til Coop-butikkar i Bergensregionen. For å nå produksjonsmåla var dei naudt til å investere i ein meir effektiv maskin for blanding av fløtekrem, samt automatisk sprøyting av fyll inn i kakene.

Maskinen kostar 1.340.000kr og det er også ein del utgifter ifb. opplæring. Totale prosjektkostnader er på 1.570.000kr. Verksemda søker om 250.000kr, som vil vere 15,92% støtteintensitet.

Sannsynligheita for gjennomføring i dette prosjektet er høg, all den tid investeringa allereie er tatt. Samstudens er det ikkje føringar i retningslinjene om stønad frå kommunen skal vere utløysande for prosjektet si gjennomføringsevne (addisjonalitet). Det er vidare sannsynleg at denne investeringa vil føre til fleire arbeidsplassar på fabrikk.

Lindås kommune ønskjer å bidra med inntil 200.000kr til prosjektet (12,7%).

### **Cracknut**

Cracknut er eit selskap som er etablert ut frå gründermiljøet i Dampen og eigarane ønskjer å bidra til utviklingsarbeid som skapar arbeidsplassar i Lindås kommune. Cracknut skal m.a. utvikle og kommersialisere eit produkt knyttet til søvnapne.

Prosjektet er i slutfasen i produktutviklinga og har bede om høgste grad av konfidensialitet. Dei har og inne patentsøknadar og ingen offentleg informasjon om produktløysinga kan difor offentleggjerast. Vidare er produktet utsatt for kopiering og må difor handsamast i all fortroligheit.

Den medisinske marknaden for søvnapne er vurdert til å omhandla fleire millionar menneskjer over heile verden. Cracknut har koplå seg på dei store aktørane i verden og produktet, som er i ferd med å bli utvikla, har fått vurdert eit marknadspotensial på mellom 1,2 – 1,4mrd kroner.

Kostnader skal gå til etablering og vidareutvikling av selskap. Totale kostnader er satt til 1,4mnok, kor Innovasjon Norge er beden om å bidra med 500.000kr. Næringsfondet er beden om å bidra med 200.000kr og verksemda bidrar sjølv med 700.000kr. Det betyr at max offentleg finansiering i prosjektet max er på 50%.

Prosjektet må kategoriserast som spennande og med store moglegheiter globalt og internasjonalt. Lindås kommune ønskjer å bidra med inntil 200.000kr til prosjektet (14,3%).

### **Nordhordland Næringspark**

Nordhordland Næringspark er ein næringspark under etablering på Eidsnes/Eikanger i Lindås kommune. Eigar er ATR Eigedom i Sandviksbodene i Bergen kommune.

I dette prosjektet er eigar registrert i Bergen kommune men aktiviteten/prosjektet er i Lindås kommune.

Grunnarbeid er no starta i næringsparken og fleire avtalar er alt signert.

Selskapet ber om tilskot til marknadsføring og profilering av næringsparken. Frå 2013 til 2015 har eigar brukt cirka 750.000kr i marknadsføring av prosjektet (og kommunen). Dei ber no om 200.000kr som skal gå til nye marknadsføringstiltak. Totale kostnader i det nye prosjektet er satt til 538.875kr.

Nordhordland Næringspark er eit av dei viktigaste føremona for å bidra til ny næringsaktivitet i Lindås kommune og kommunen ønskjer difor å bidra med inntil 200.000kr til prosjektet (37%).

### **Hillesvåg ullvarefabrikk**

Hillesvåg Ullvarefabrikk er ein tradisjonsrik og levande handverksbedrift, som skal tilby eit bredt utval av lokaprodusert garn- og ullprodukt av høgste kvalitet til kundar over heile verda. I tillegg til produksjon og sal tilbyr også bedrifta omvising i produksjon og kurs av ulike slag.

Bedrifta har ved fleire høve fått støtte frå næringsfondet. Dei fekk 100.000kr til prosjektet «fornyng av merkeidentitet og ny samarbeidslinje» (2015). Dei fekk og 250.000kr i støtte til ombygging når dei vart tatt opp som eit economusee.

No søker verksemda om 140.000kr i tilskot frå næringsfondet som skal gå til skjerming av maskiner. Dette er viktig arbeid for å støtte opp om bedrifta si satsing som eit economusee. Totale kostnader for prosjektet er satt til 280.000kr inkl eigeninnsats på 46.000kr. Lindås kommune ønskjer helst at eigeninnsatsen ikkje vert definert som ein kostnad i prosjektet og primært som finansieringsbidrag. Det betyr at relevante kostnader i dette prosjektet er 234.000kr.

Sidan oppstarten av economusee i november 2013 har bedrifta hatt stor auke i talet på besøkande. Under omvisningane må maskinane stengast ned av sikkerhetsmessige årsakar og dette førar til produksjonstap.

Ved å setje i verk sikringstiltak i form av sikringsgjerder vil det vere mogleg å gjennomføre omvisingar med maskiner i drift. Sikringstiltaket vil og motvirke eit direkte produksjonstap.

Lindås kommune ønskjer å bidra med inntil 117.000kr til prosjektet (50%).

### **Dyrkolbotn Fjellstove**

Dyrkolbotn Fjellstove er ei tradisjonsrik fjellstove på Dyrkolbotn i Lindås kommune. Fjellstova tek imot skuleklassar og andre gjester, driv bevertning og overnatting.

Fjellstova fekk tidligare 50.000kr i støtte frå næringsfondet februar 2011. Dei ønskjer no å utvikla fjellstova vidare og har satt igong fleire prosjekt. I denne saka handlar det om oppføring av ein ny driftsbygning på 140m<sup>2</sup>, som skal brukast som geitestøl. I tillegg kjem traktorgarasje. Prosjektet kostar totalt 900.000kr og prosjektet ber om 350.000kr frå næringsfondet (38,9%), mao som eit «kommunalt prioritert prosjekt» ref retningslinjene til næringsfondet.

Meininga er at leirskuleelevar og andre gjester skal få vere med og stella med geitene og koka geitost. Geitosten skal både nyttast til eige bruk og for sal lokalt (gardsmat). I tillegg vil noko av geitemjølka gå til meieri. Eit nytt pedagogisk tilbod med geiter og stølsdrift vil kunne føra til monaleg auke i talet på leirskuleklassar, og dermed også arbeidsplassar i Dyrkolbotn. I søknaden har Fjellstova sannsynleggjort at det vil komma 2-4 arbeidsplassar innan få år med dei utbyggingsplanane som dei no arbeidar med.

Prosjektet er vurdert som viktig for å skapa enno meir attraktivitet og konkurransekraft for Fjellstova. Ein er naudt til å tenkje utvikling og nye produkt- og tenesteområde for det er tøff konkurranse i leirskulemarknaden.

Det er likevel krevjande – frå ei heilskapeleg side - å tilrå at dette per no er eit «kommunalt prioritert prosjekt», sjølv om politikarane kan endra på det ved handsaming i formannskapet. Til no har denne kapitalgrensa vert nytta i svært få tilfelle; t.d. gjaldt dette eit svært teknisk og økonomisk komplisert prosjekt på Mongstad; oppføring av boretårn hjå PSW Group, som skulle nyttast til trening/opplæring/testing. Ein må likevel tilrå at Fjellstova er avhengig av offentleg støtte for gjennomføring av prosjektet.

Lindås kommune ønskjer å bidra med inntil 250.000kr (investeringar) til prosjektet (27,8%).

### **FeC AS**

FeC AS skal etablera eit kompetansesenter innan sveis- og materialteknologi. Dei ser for seg at dette best kan gjerast med oppføring av eit nytt og permanent bygg. Areal og lokalisering er ikkje vurdert og beslutta.

FeC består av eigar Kathrine Molvik, årets gründerkvinne i Noreg. FeC har tidligare fått 50.000kr i etableringsstøtte våren 2015.

Senteret skal tilby opplæring og kompetanseheving innan sveis- og materialfaget. Senteret skal og tilby kurs og kompetanse til næringsliv, VG3-utdanning for elevar som ikkje får lærlingplass, internasjonal sveiseutdanning samt forskning- og utviklingsarbeid.

Dette prosjektet skal konkretisera moglegheit for sjølve konseptet for senteret, mao. markedsundersøkelser, forretningsmodell og andre merkantile detaljar – men og mest mogleg tekniske detaljar slik at ein er klar til å starte prosjektering av eit slikt senter.

Prosjektet er satt til å koste 462.400kr og kor næringsfondet er beden om å bidra med 200.000kr i tilskot (43,3%).

Prosjektet handlar m.a. om kompetanseheving, marknadsføring/profilering og samarbeidstiltak næring/skule/kompetansmiljø som er viktige for prioriteringane i retningslinjene for fondet.

Lindås kommune ønskjer å bidra med inntil 200.000kr (investeringar) til prosjektet (43,3%).

## **CO2Bio AS**

CO2Bio er pådrivar for etablering av algepilot på Mongstad. Hensikten med etableringa er å:

- Utnytta fanga CO2 frå TCM
- Produsera biomasse basert på alger
- Få fram ein omega-3 rik biomasse
- Marknaden for omega-3 er stort
- Etablere ein kunnskapsplattform saman med Universitetet i Bergen m.fl.

UiB er tildelt 12mnok til etablering av nasjonal algepilot frå offentlige budsjett.

Totale kostnadar for bygging av algepiloten er 18,1 millionar kroner. UiB dekker sjølv 6,1 Mkr.

CO2Bio fekk 50.000kr i støtte hausten 2015 frå næringsfondet.

CO2Bio har no søkt om 400.000kr i støtte til reaktorsystem (kjøp av utstyr).

Prosjektet er eit viktig tilretteleggjingsprosjekt for ny og framtidig mogleg verdiskaping og næringsutvikling. Innovasjon Norge har innvilga midlar til eit startprosjekt av 2,5 års varigheit, totalramma for dette er 12 millionar kroner.

I retningslinjene til næringsfondet står det at det «ikkje blir gjeve støtte til verksemd som får betydelige overføringar frå offentlige budsjett». 12mnok av 18mnok er cirka 67% offentleg støtte og kan såleis definerast til å vera betydelige overføringar frå offentlege budsjett.

Lindås kommune har skipa eit infrastrukturfond som m.a. skal leggje til rette for næringsutvikling. På dette fondet står det att 2 millionar kroner.

Lindås kommune ønskjer å støtte Co2Bio sitt prosjekt med 400.000kr. Midlane vert henta frå infrastrukturfondet. På infrastrukturfondet står det 12.5.16 (før tildeling) att 1.940.000kr.

## **IR teknikk**

IR teknikk har kontor på Mongstad og leverer byggkontroll av hus bygga etter TEK10. Dei leverer og IR-orvervaking til kommunar, industri, prosess, avfallsanlegg og andre med behov for temperaturovervåking. Vidare leverer dei og termografering av elektro og bygg, privat, offentleg og industri.

IR teknikk søker no om utvikling og marknadsføring av verktøy. Totale kostnadar for prosjektet er 500.000kr og næringsfondet er beden om å bidra med 100.000kr (20%). I tala ligg det og støtte til kommersialisering av eit heilt nytt produkt.

IR-teknikk fekk 30.000kr frå næringsfondet i 2013 til etablering av verksemda.

Lindås kommune ønskjer å bidra med inntil 100.000kr (investeringar) til dette nye prosjektet (20%).

## **Hackit Norway**

Hackit er ei verksemd godt kjend for utvikling av den innovative pizzakuttaren og kjøttdeighakkaren. No har bedrifta nye spennande prosjekt på gong («Washit»).

Bakgrunnen for dette nye prosjektet er den omfattande bakteriefloaren som finst i brukte kjøkkenklutar. Det er meir fornuftig å bruke oppvaskmaskinen enn vaskemaskinen til vask av skitne kjøkkenklutar. For det første så brukar oppvaskmaskina ei såpe som er mykje sterkare enn eit vanleg vaskemiddel. Vidare held ofte oppvaskmaskinen ein høgare temperatur, som drep bakterier meir effektivt. For det tredje så hiv dei fleste forbrukarane skitne kjøkkenklutar i skittentøyskurva, som lett påfører enno fleire bakterier av det skittentøyet som ligg der frå før.

Hackit har løysinga og har no utarbeida eit prosjekt som skal utvikla ein holder for vasking av kjøkkenklut i oppvaskmaskin. Prosjektet skal laga prototypar, testa og få godkjend løysinga. Støypeform skal bestillast og arbeid med forpakning og marknadsføring likeså. Totale kostnader for prosjektet er 510.000kr, kor næringsfondet er forespurt om å bidra med 150.000kr (29,4%).

Lindås kommune finn det spennande at det til stadigheit kjem nye og spennande nyvinningar frå Hackit. I dette prosjektet er det vidareutvikling av eit lisenssamarbeid med ein utenlandsk aktør, som og kan vera med på å skapa verdier og arbeidsplassar i Lindås kommune.

Lindås kommune ønskjer å bidra med inntil 150.000kr (investeringar) til dette nye prosjektet (29,4%).

### **Terne Elektro**

Terne Elektro tilbyr nyinstallasjon og modifikasjonar innan alle typar elektroinstallasjonar. Dei er nyleg etablert i Knarvik og har og ansatt daglig leiar, elektrikarar og automatikarar den seinare tid.

Vidareutvikling av selskapet er m.a. avhengig av ISO sertifisering, heimeside og marknadsføring m.m. Dei har stipulert eit kostnadsbudsjett på 385.000kr og kor dei ber næringsfondet om støtte på 180.000kr (46,7%).

Elektro- og automasjonsverksemdar finst det fleire av i kommunen og regionen elles. Ein er og naudt til å tenkje på konkurranseomsynet til dei eksisterande aktørane og likebehandlingskriteriet står difor sterkt. Når ein då vurderer støtte er det viktig å trekke ut frå prosjektet det som er innovativt, unikt og elles nemnd som spesielle prioriteringar i retningslinjene til fondet.

Ein kan leggja til grunn at utvikling av heimeside, marknadsføring og til ein viss grad (50% - 75.000kr) utarbeiding av kvalitet-, HMS-system og rutinar bør inngå som godkjende kostnader i dette prosjektet. Sistnemde interne timar som kunne vert nytta som fakturerbart arbeid. Då har ein godkjende totale kostnader på 150.000kr.

Lindås kommune ønskjer å bidra med inntil 75.000kr til dette nye prosjektet (50%).

### **Greenstat**

Greenstat er eit selskap med forretningsadresse Fantoft i Bergen. Det er eigd av Christian Michelsen Research.

Greenstat er eit energiselskap med fokus på fornybar energi. Forretningsideen er å utvikla prosjekt knytta til fornybar energiproduksjon og distribusjon. Hydrogen og lokale energisystemer skal vere hovudsatsingsområda.

Greenstat har teikna inkubatoravtale med Industriutvikling Vest. Lindås kommune vert sett på som ein interessant kommune å løfta fram energiprojekt pga si strategiske plassering nord for Bergen med god nærheit til viktige transportårer både på land og til sjøs. Det er og fleire hydrogenrelaterte prosjekt på gang i Lindås kommune, m.a. kjennar me til hydrogenprosjektet for Statoil Mongstad.

Greenstat ønskjer no å utvikle ei moglegheitsstudie knytta til hydrogenproduksjon, distribusjon og bruk i Lindås kommune. Hovudmål for prosjektet vert å utreda moglegheiten for etablering av hydrogeninfrastruktur (produksjon, distribusjon og bruk) i Lindås kommune. Prosjektet har ei kostnadsramme på 400.000kr kor næringsfondet er beden om å bidra med 200.000kr (50%).

Lindås kommune ønskjer å bidra med inntil 200.000kr til dette nye prosjektet (50%).

### **Kulinarisk**

Kulinarisk er ein kafè og butikk med sal av mat og garnityr. Dei opna dørane februar 2015 og er lokalisert ved Vinmonopolet i Knarvik senter.

Kulinarisk serverar sunn og god mat laga frå grunn frå eige kjøkken og har ein butikk med fokus på kortreist og økologisk mat frå lokale produsentar. Bedrifta har som mål o vere det leiande lokalmatutsalet i regionen og har m.a. samarbeid med lokale produsentar gjennom Bondens marknad, Tjore Gardsmat, Ikeland Gard, Strila Lam og andre lokalmatsprodusentar.

Prosjektet har totale kostnadar på 350.000kr og næringsfondet er beden om å bidra med 150.000kr (42,8%). Pengane skal m.a. brukast til kompetanseheving og profilering, samt ombygging av tilpassing av kjøkken og lokale for å utvikla seg vidare.

Distribusjon og sal av lokalmat er viktig og relevant for i heile tatt å halde produksjonen oppe. Det trengs gode distribusjonsløyningar for lokalmatsprodusentar og om Kulinarisk kan spele ei viktig rolle her, er det noko som Lindås kommune vurderar som eit flott tiltak.

Lindås kommune ønskjer å bidra med inntil 100.000kr til dette nye prosjektet (28,6%).

### **Mongstad Tavleteknikk**

Mongstad Tavleteknikk er ein anerkjent tavleprodusent lokalisert på Mongstad. Bedrifta har fått merka oljenedturen og har opplevd betydeleg omsetningssvikt dei siste åra. Som ein konsekvens av dette har ein måtta redusera antall ansatte. For å reversera dette og skapa ny lønnsom drift har styret og administrasjon arbeida fram nye strategiar og omstillingstiltak.

Ein av desse strategiane innebær å gå frå underleverandør til systemleverandør i både nye og gamle marknadsområder, t.d. havbruk/akvakultur, offshore vind, grøn fornybar energi, industri og infrastrukturmarknaden – i tillegg til olje/gass sjølvsgt.

For å posisjonera seg i nye delar av verdikjeden, som denne strategien legg opp til, betyr dette både store økonomiske investeringar og naudsynt behov for å byggja opp ny og unik kompetanse. På denne måten håpar bedrifta at sysselsettingsnivået vil gå opp ved å levera krevjande og komplekse systemløyningar innan tavlemodular, tilpassa dagens og morgondagens internasjonale krav og standardar.

Styret ser på denne omstillinga som eit «være eller ikkje være». Strategien er vidare i tråd med kva dei store kontraktørane/kundane, spesielt innan olje/gass ser for seg skal vera morgondagens kontraktløysingar.

Samla sett ser verksemda for seg å leggja ned mellom 6 og 10 millionar kronar i investeringar for ulike tiltak for å sikra vidare drift på Mongstad, herunder og tiltaket som omsøkt. I prosjektsøknaden ligg det til grunn eit samla kostnadsestimat på 2.025.250kr, og bedrifta ber næringsfondet om totalt 1.000.000kr (kommunalt prioritert prosjekt).

For å bli ein fullverdig systemleverandør treng ein å byggja opp systemkompetanse på korleis prosjektera, produsera, engineera, montera og vedlikehelda lisensierte Siemens-tavler. Denne kompetansen har ikkje MTT i dag. Vidare skal det byggjast spesialistkompetanse innan ettermarknad og avansert utstyr som intelligente startarar og kommunikasjonsutstyr. Dette er kompetanse svært få aktørar i Noreg har. Vidare skal verksemda byggje kompetanse for å demontere, montere og utøve service på eksisterande anlegg med mål om offshore levetidsforlenging. I tillegg seier prosjektet at verksemda må byggje demonstrasjonstavle med løysingar som skal nyttast både teoretisk og praktisk innafor opplæring, konstruksjon, montering og modifisering. Demonstrasjonstavla vil og nyttast til opplæring av kundar og marknadsføring av løysingar. Til slutt skal omstillingsprosjektet arbeide med intern og ekstern opplæring på arbeid på og ved spenningsatte anlegg. Dette er naudsam for å tilby totalservice til kundar.

Lindås kommune ønskjer å bidra med inntil 800.000kr til dette nye prosjektet (39,5%).

**Vedlagte saksdokument:**

Søknad næringsfond - COF Service	111528	13.05.2016
Søknad om tilskot - Kulinarisk AS	111529	13.05.2016
Søknad om tilskot - co2bio	111530	13.05.2016
Søknad om tilskot - CrackNut AS	111531	13.05.2016
Søknad om tilskot - Dyrkolbotn Fjellstove	111532	13.05.2016
Søknad om tilskot - FeC AS	111533	13.05.2016
Søknad om tilskot - Greenstat AS	111534	13.05.2016
Søknad om tilskot - Hackit Norway AS	111535	13.05.2016
Søknad om tilskot - Hillesvåg Ullvarefabrikk AS	111536	13.05.2016
Søknad om tilskot - Nordhordland Næringspark AS	111537	13.05.2016
Søknad om tilskot - Ove Sæbø	111538	13.05.2016
Søknad om tilskot IT-Teknikk AS	111539	13.05.2016
Søknad om tilskot Mongstad Tavle Teknikk AS	111540	13.05.2016
Søknad til næringsfondet Goman Rognaldsen	111541	13.05.2016

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost